



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

18/2190-

15. november 2018

**Svar på spørsmål 9-11 til Prop. 1 S (2018-2019)  
Samferdsdeparterementet**

Eg viser til komiteen sine spørsmål av 7. og 8. november til Prop. 1 S (2018–2019) for Samferdsdeparterementet. Under følgjer svar på spørsmål 9-11.

Spørsmål 9 og 10 har følgjande innleiing: *"Det vises til tabell 5.5 på s. 73 i budsjettproposisjonen, der det framgår at med budsjettforslaget for 2019 vil bindingene per 31.12.19 utgjøre rekordhøye 48,9 milliarder kroner. Av dette skal om lag 30,4 mrd. kr dekkes med statlige midler."*

**Spørsmål 9**

Betyr dette i praksis at bindingene kommer til å øke i årene som kommer, pga "pukkelformet" profil på investeringene?

**Svar på spørsmål 9**

Tabell 5.5 inneheld statlege bindingar til vedtekne prosjekt og prosjekt som blir foreslått vedtekne i 2019. Alle bindingane inngår i tabellen, uavhengig av kva for ein investeringsprofil det er lagt opp til på det einkilde prosjekt.

**Spørsmål 10**

Vi ber om anslag over bindingene årlig etter 2021, så langt departementet har oversikt.

**Svar på spørsmål 10**

Tabellen nedanfor viser statlege bindingar etter 2021 til vedtekne prosjekt og prosjekt som blir foreslått vedtekne i 2019. Tabellen viser òg antatt behov for statlege midlar i 2022 og

2023 inkl. statens pliktar knytt til oppfølging av vedtekne bompengepakker og tidligare gjennomførte OPS-prosjekt. Siste kolonne viser bindingar etter 2023.

	Bindingar etter 2021	Behov 2022	Behov 2023	Bindingar etter 2023
Post 29 Vederlag til OPS-prosjekt	4 000	2 100	2 100	1 200
- eksisterande prosjekt	-	700	700	-
- nye prosjekt <sup>1</sup>	4 000	1 400	1 400	1 200
Post 30 Riksveginvesteringar	7 750	4 800	3 440	1 800
- store prosjekt	7 100	3 000	2 300	1 800
- bymiljøavtalar og byvekstavtalar	250	250	0	0
- programområda	100	100	0	0
- fornying	300	300	0	0
- planlegging og grunnerverv	-	1 000	1 000	-
- nasjonale turistvegar	-	150	140	-
Post 31 Skredsikring riksvegar	380	350	30	0
Sum inkl. refusjonspliktar <sup>2</sup>	12 130	7 250	5 570	3 000
Vedtekne refusjonspliktar <sup>2</sup>	50	10	20	20

<sup>1</sup> Ekskl. utgifter knytt til driftsfasen.

<sup>2</sup> Omfattar ikkje ev. nye forskoteringsavtalar i 2019

### Spørsmål 11

Hva er status i arbeidet med havne-/farledsutbedringer i henholdsvis Mo i Rana hamn og Mehamn havn, og når ligger det an til at disse prosjektene kan realiseres?

### Svar på spørsmål 11

I Nasjonal transportplan 2018-2029 ligg det inne eit prosjekt for utbetring av innseglinga til Mo i Rana, med utdjuピング inn til Toraneskaia. Rana kommune har uttrykt eit ønskje om å utvide dette prosjektet til å inkludere ny djupvasskai ved Rana industri- og intermodale terminal.

I innstillinga til Nasjonal transportplan 2018-2029 har eit fleirtal av komiteen (medlemene frå Høgre, Framstegspartiet, Kristeleg folkeparti og Venstre) vist til at det kan vere hensiktsmessig å sjå ei utdjuピング inn til Toraneskaia i samband med ei ny djupvasskai ved industriterminalen. Fleirtalet i komiteen har bedt regjeringa gå i dialog med dei lokale partane for å sjå om det kan vere mogeleg med ei eventuell samordning og spleiselag for gjennomføring av dei to prosjekta.

Djupvasskaia ved Rana industri- og intermodale terminal er i utgangspunktet eit prosjekt i regi av private aktørar, og det er ikkje føresettt midlar til dette i investeringsramma for Nasjonal transportplan 2018-2029.

Regjeringa fekk i budsjetthandsaminga for 2018 ei forskoteringsordning for fiskerihavne- og farleistiltak, som Samferdselsdepartementet gjorde Rana kommune merksame på i dialogen om prosjekta i Mo i Rana.

Departementet har motteke i alt 11 søknader med ein samla søknadssum på 1 377 mill. kr til forskoteringsramma på 350 mill. kr. Det har såleis ikkje vore rom for alle søkarane innanfor denne ramma, og Rana kommune er i brev av 29. oktober 2018 informert om at dei ikkje er vald ut til forskoteringsordninga i første omgang. Det blei òg informert om at departementet no vil gå i dialog med utvalde søkarar som er gitt førsteprioritet, med sikte på mogleg avtaleinngåing. Dersom det skulle stå att tilstrekkeleg med midlar innanfor forskoteringsramma etter denne runden, vil ein eller fleire av dei resterande søkerane bli kontakta med tilbod om å gå inn i ein avtaleprosess.

Uavhengig av prosessen med forskoteringsordninga er det lagt til grunn at utdjupinga inn til Toraneskaia skal gjennomførast i andre del av planperioden, dvs. i perioden 2024-2029, i tråd med omtalen i Nasjonal transportplan 2018-2029.

Prosjektet i Mehamn hamn består av to tiltak; molo og utdjuping indre hamn. Moloen blir ferdigstilt i løpet av 2018. Utdjuping av indre del av fiskerihamna er i tidlig utgreiingsfase og inngår ikkje i Nasjonal transportplan 2018-2029. I tillegg har Stortinget gjennom handsaminga av Prop. 84 S (2016-2017) Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå slutta seg til at ansvaret for forvaltning, drift og vidare utbygging av statlege fiskerihamneanlegg vil bli ei fylkeskommunal oppgåve frå 2020.

Med helsing



Jon Georg Dale